



Katrine, Ingebjørg og Victoria (Foto: Thor Inge Døssland)

Fredag kveld var skulemusikantane samla til den årvisse grautfesten. Dette er ein tradisjonsrik fest som har vore eit fast innslag for skulemusikken gjennom svært mange år. Første åra vart den, etter det vi har fått opplyst, arrangert i Helgheimskjellaren. Dei seinare åra har AFA sitt lokale vore fast tilhaldsstad. Slik var det også i år.

Etter at det var ønskt velkommen og den vakre julesongen 'Det lyser i stille grander' var sunnen, kom grauten på bordet. Då knyter det seg alltid ekstra spenning til kven som får mandelen. I år var det tre i talet, og dei heldige som fekk sjokoladenisse var Solveig Haugland, Marita Kjærland og Birgitte Hjelmeland.

Frammøtet på øvingane har også gjennom denne hausten vore svært godt. Julie G. Myklebust, Birgitte Hjelmeland og Sindre Aksnes har vore på absolutt alle øvingane, medan mest alle dei resterande har berre ei øving i fråvær. Etter loddtrekning vann Sindre frammøtepremien, - gavekort på CD. Det gode frammøtet er svært viktig og nødvendig. Det er grunnlaget for den fine framgangen korpset har hatt denne hausten.

Festen fortsette med bingo som alltid er like populært, og dessutan var det quiz, ein spørjekonkurransen der dei frammøtte vart delt inn i grupper. Gjennom denne lærte dei om den ein gang så lovande skihopparen i foreldregruppa, kven som hadde landskampar i fotball, kva instrument eiskilde foreldre hadde spela i sine unge år og anna skulemusikkhistorie,

Britt Torill Mathiesen, Steinar Naterstad og Gerd Ingunn Bauge vart takka for god og viktig innsats dei gjer på ulike felt i lagsarbeidet, og dei vart tildelt velfortente blommar for det. Dirigent og musikantar fekk førjulspresangar. Dessutan vart førjulslotteriet trekt. (Vert omtala som eiga sak).

Stemningen på festen var god som alltid når denne flotte gjengen møtest. Tida gjekk fort, så fort at undertekna først hugsa å ta fram fotoapparatet då festen var i sluttfasen. Og det etter påminning!!

Skulemusikken har dette året fire aspirantar. Det er Ingvill Myklebust, Solveig Haugland, Sondre S. Myklebust og Victoria A. Eik. Dei var invitert til festen, og kjekt var det at alle hadde høve til å delta. Også ein ny musikanter var på plass. Johannes Taranger har funne ut at eit års pause frå korpset er nok, og han er klar til ny innsats på instrumentet.

Korpset skal no spela på julekonserten søndag før dei tar ein velfortent juleferie. Første øving etter nyttår vert 8.januar.

PS: Det kunne vore kjekt om nokre kunne bidra med den tidlege historia til denne tradisjonsrike grautfesten.

Av Thor Inge Døssland



Victoria, Lars Andres, Bente, Solveig og Ingvill (Foto: Thor Inge Døssland)